

## **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015**

**Marthe Hammer** sette fram forslag til ny innstilling.

1) Bergensprogrammet: Fylkestinget ber fylkesordførar kontakte statlege myndigheiter med sikte på å sikre 70 % statlig finansiering av vidare utbygging av Bybanen, og at staten overtar minst 50 % av gjelda på utbygginga som er ferdig og under arbeid.

2) Fylkesvegane utanom Bergen:

a) Fylkestinget ynskjer sak som visar måloppnåing av vedtaket i planen punkt 2.3.3 (s. 29) om at det skal etablerast samanhengande gang- og sykkelvegnett i byar og tettstader over 5000 innbyggjarar. Der målet ikkje er nådd vert det lagt frem tiltaksplan i eigen fylkesvegplan for gang og sykkel.

3) Fylkestinget er ikkje nøgd med at Hordaland har dårlegast vegdekke på fylkesvegane i landet målt etter tilstand (u)jammheit i % av veglengda. Fylkestinget ber Stortinget i budsjettet for 2016 gje ei løyving som gjer at Hordaland kan ha eit asfalt vedlikehald på gjennomsnitt i landet. SVV har regna at løyvinga må aukast frå 40 til om lag 130 millionar. Samfunns- arbeids- og næringsliv i fylket må ha betre bruksvegar.

### **Røysting**

Marthe Hammer sitt forslag til ny innstilling fekk 1 røyst og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

Fylkestinget vedtek plan- og byggeprogram 2015 for Hordaland utanom Bergen og for Bergensprogrammet.